



Her er vertskapet men om dei vann eller tapte aner vi ikkje...

Endeleg er ventetida slutt og små og store kan nytta fotballen på mjukt gras og i sommarleg temperatur på



Heio. Cupkvelden i dag var strålande på alle måtar. Vertskapet hadde besøk av 7 lag og tiåringane koste seg saman med engasjerte foreldre og supportarar. Stutt sagt var alt perfekt.



Karsten Andre i ny rolle!

UIL stilte med eitt lag som var ein blanding av jenter og gutar, Halsnøy

stilte med både gule og blå, heilt få Røldal kom det eitt lag, Trio hadde lag både frå Valen og Husnes og Rosendal hadde eitt lag. Kven som vann vart ikkje offisielt notert men det skorta ikkje på innsatsen undervegs.



Baklengs for UIL mot Halsnøy blå!

Fotballsjeff Odd Steinar Arnesen var like fornøgd som han har vore misnøgd denne våren. Han ville også rosa Lene Taranger og Anette Sundt som heilt friviljug selde vaflar med tilbehør og unggutane Karsten Andre Haugland og Kjartan Tungesvik som var i ei ny rolle - som dommarar - og var like flinke i den som når dei valsar opp med motstandarane i serien.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Lene og Anette stilte opp i kiosken